



Fjell dansen - regionalt kompetansesenter for dans
v/LEUG AS
Postboks 54
2910 AURDAL

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Aurdal, 22. mars, 2019

VEDR.: INNSPEL TIL SCENEKUNSTSTRATEGI

Me takkar for moglegheita til å koma med innspel til strategien!

Vedlagt er innspelet frå Fjell dansen - regionalt kompetansesenter for dans.

Om de har spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing frå

Anne-Birthe Nord (sign.)
Prosjektleder Fjell dansen

Tlf. 907 23 835

E-post: annebirthe@frikar.com

<http://www.frikar.com/no/regionalt-kompetansesenter/fjell-dansen/>

Om Fjelldansen - regionalt kompetansesenter for dans i Valdres og Hallingdal

Det regionale kompetansesenteret for dans i Valdres og Hallingdal er drifta av FRIKAR i samarbeid med Teater Innlandet og Ål Landsdelsscene for Dans og støttes av Kulturrådet, Oppland fylkeskommune og Valdres natur- og kulturpark.

Fjelldansen har som mål å auke kompetanseutviklinga i koreografikunsten og å styrke produksjons- og formidlingsvilkåra for dansekunst i området.

Fjelldansen er eit prosjekt som skapar ein lokal og global møtestad for dansekunst i Valdres og Hallingdal. Kompetansesenteret er støtta av Kulturrådet, Oppland og Valdres og er det einaste i sitt slag med hovudfokus på møtet mellom samtidskunsten og den lokale tradisjonsdansen. Fjelldansen står årleg bak:

- Residensar for dansekunstnarar av internasjonal kaliber.
- Kompetansehevande verkstader for profesjonelle og framtidige profesjonelle dansarar.
- Nettverksmøte mellom ulike residensstader, scener og dansekunstnarar.
- Koreografiske forskningsprosjekt som meislar ut nye moglegheiter å byggje vidare på.
- Kunstnarlege samtaler for å styrke det lokale publikumet sin kompetanse på dans.

Det er med bakgrunn i erfaringar frå denne drifta at Fjelldansen ønskjer å komma med innspel til scenekunststrategien på nokre av dei aktuelle områda.

Hvilke strukturelle utfordringer finnes i dag på scenekunstheltet? Gi eksempler

Folkedansfeltet i Norge manglar ein aktør som kan ivareta den profesjonelle sceniske folkedansen si rolle med mål om å heve scenisk folkedans til ypperste, internasjonale scenekunsthnivå. I dette ligg både det å sikre kunstnerisk utvikling av den sceniske folkedansen og vidareutvikle møte mellom samtidskunsten og den lokale tradisjonsdansen.

Norge treng eit profesjonelt dansekompani for scenisk folkedans på lik linje med det samtidsdansen har i Carte Blanche og klassisk dans har i Nasjonalballetten for å nå dette målet.

Vesentlege argument for etablering av eit profesjonelt dansekompani for folkedans med statleg stønad er_

- høve til å fast ansette profesjonelle dansekunstnere med bakgrunn innan folkedans
- moglegheit til kontinuitet over tid i det kunstnarlege arbeidet for å heve kvaliteten på det sceniske nivået til det høgste internasjonale nivå

Eit døme her er FRIKAR si erfaring på den internasjonale marknaden. FRIKAR er i posisjon til å skape kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet, og har allereie vunne internasjonale prisar og fått strålende kritikkar i fleire land. Men dei opplever likevel å koma til kort i konkurranse med nasjonalballettar og andre profesjonelle kompani med fast tilsatte

dansarar. Slik situasjonen er i dag lyt aktørar som FRIKAR, som vil fremje scenisk folkedans, benytte seg av danserar som ellers er avhengige av mange ulike oppdragsgjevarar. Då vert det ikkje tilstrekkeleg kontinuitet og ein går glipp av moglegheiten til å vidareutvikle det kunstneriske arbeidet over tid.

Hvilke tiltak må til for at disse utfordringene kan løses?

Det er eit overordna kulturpolitisk mål å ha aktørar som tek vare på og formidlar kulturarv. Då må ein også gje relevante aktørar tilstrekkeleg handlingsrom til å realisere dette. Eit eige kompani for tradisjonsdans med statleg støtte vil kunne realisere dette for ein viktig del av den immaterielle kulturarven vår, folkedansen. Og, det må til om ein vil sørge for å ikkje berre halde folkedansen i live, men også bidra til å revitalisere folkedansen innhaldsmessig, danseteknisk og formatisk. Slik til dømes FRIKAR har vore ein representant for. Me er kjend med at FRIKAR i år har søkt om statleg støtte til ei slik etablering, og me ser det som gledeleg at ein slik anerkjent aktør er interesserte i å ta eit ansvar med å etablere og drifte ei slik satsing.

Fjelldansen erfarer auka interesse for tradisjonsdans frå samtidsdansen. Det er likevel begrensa kapasitet i det tilbodet som eit prosjektbasert kompetansesenter kan gje. For at tradisjonsdansen skal kunne kome opp på same nivå som samtidsdansen, treng ein tilsvarande satsing som det Carte Blanche har hatt høve til å gjere for samtidsdansen. Om ein ønskjer å ivareta og fremje folkedansen på linje med andre sceniske danseuttrykk bør ein leggje til rette for ei etablering av ein nasjonal aktør som kan ta ansvar for å aksellerere arbeidet med å ivareta denne delen av vår immaterielle kulturarv.